

Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/7850 - 23/5647

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
27.01.2023

## Oversending av klage til endeleg handsaming - gbnr 484/37 Haukeland sørde

### Saka gjeld:

Alver kommune viser til klage på gebyr datert 01.07.2022. Klaga er fremja av part i sak jf. fvl. §2 første ledd bokstav e). Klage er fremja innanfor klagefrist jf. fvl. §29.

Det er i klage vist til at det er bedt om utfyllande dokumentasjon tre gongar, og at det er søkt om dispensasjon til fylket. Vidare er det vist til at kommunen har brote sakhandsamingsfrist. Klagar viser til at sak låg til handsaming hos kommunen i 139 dagar til aktiv sakhandsaming. Det er lagt fram krav om reduksjon/bortfall av gebyr jf. byggesaksforskrifta (SAK10) §7-6.

### Vurdering:

Alver kommune har gjennomgått moment i klaga.

Søknad vart mottatt av kommunen 09.09.2021. Det var fleire mangelbrev i saka. Sak var vurdert komplett først 05.05.2022, etter det kommunen vurderte som ei sjølvstendig bueining vart fjerna frå garasjeloft. Vedtak i sak er datert 21.06.2022.

Tiltak er vurdert som ei sak med 3 veker sakhandsamingsfrist, etter endring av tiltak. Dispensasjon som først var etterspurt i sak er ikkje vurdert som naudsynt etter bueining vart fjerna frå garasje. Dette er ettersom den aktuelle dispensasjonen gjaldt rekkjefølgjekrav som slo inn ved etablering av nye bueiningar.

### Kommunen si vurdering av bortfall/reduksjon av gebyr jf. SAK10 §7-6

Det går fram av SAK10 §7-6 at ved brot på tidsfrist i SAK10 §7-4 bokstav a) eller pbl. §21-7 første og fjerde ledd, skal kommunen betale tilbake tiltakshavar 25% av gebyret for kvar påbyrja veke etter at tidsfrist vart overskriden. Dette inneber at det berre er rom for tilbakebetaling i tilfelle der sakstypen fell inn under SAK10 §7-4 bokstav a) eller pbl. §21-7 første eller fjerde ledd.

### SAK10 §7-4 bokstav a)

SAK10 §7-4 bokstav a) viser til søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova §19-2. Det er i den konkrete saka ikkje søkt om nokre dispensasjonar, og denne

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

regelen vert dermed ikkje aktuell for berekning av fristar i den konkrete saka.

## Pbl. §21-7 første ledd

Pbl. §21-7 første ledd viser til at søknad om løkke skal handsamast innan 12 veker etter at fullstendig søknad ligg føre med mindre anna går fram av pbl. §21-7 andre eller tredje ledd. Det er her pbl. §21-7 andre ledd som er aktuell for saka, ettersom det er søkt om tiltak med ansvarsrett etter §20-3.

Det går fram av andre ledd at kommunen skal avgjøre sak innan 3 veker der tiltak er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av denne lov, der det ikkje ligg føre merknad frå nabo eller gjenbuar, og ytterlegare løyve, samtykke, eller uttale ikkje er naudsynt. Alle desse vilkåra er vurdert oppfylt her. Dette inneber at dette er vurdert som ei sak med 3 vekers sakshandsamingsfrist.

Tiltaket fell dermed ikke inn under pbl. §21-7 første ledd, men er omfatta av unntaket i andre ledd.

Pbl. §21-7 fjerde ledd

Denne regelen viser til søknad om dispensasjon. Det er ikke søkt dispensasjon her, og regelen er ikke aktuell i den konkrete sak.

## Konklusjon

Vurdering som er gjort er dermed at tiltak ikke fell inn under SAK10 §7-4 bokstav a), eller pbl. §21-7 første eller fjerde ledd. Det er dermed vurdert at det ikke er grunnlag for bortfall av gebyr etter SAK10 §7-6

Klagen vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

## Vedlegg:

Krav om reduksjon i gebyr pga oversittet frist - gbnr 484/37 Haukeland sørde  
Løyve til oppføring av garasje - gbnr 484/37 Haukeland sørde

Kopi til:

Gunn Terese Haukeland      Vetåsvegen 117      5938      SÆBØVÅGEN

## Mottakrar:

Statsforvaltaren i Vestland Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER